

TYSVÆR KONTROLLUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 15. september 2020
Tid: kl. 18.00
Sted: Tysvær rådhus, kommunestyresalen

Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS tlf 959 86 979 /sms/
e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gje melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vil bli innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg - jf. off.l.*, blir berre sendt internt. Sakskart vil bli lagt ut på kommunen si nettside www.tysver.kommune.no og på www.kontrollutvalgene.no

Rogaland Revisjon IKS er invitert til å presentere selskapet frå kl. 18.00 til 18.30

Saksliste:

19/20 Godkjenning av protokoll frå møtet 09.06.20

20/20 Orientering frå administrasjonen - kommunalsjef helse og mestring

21/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonen «Kvalitet og ressurseffektivitet innan pleie- og omsorgstenestene»

22/20 Val av revisor frå 01.07.21 – konkurransebasert eller interkommunalt samarbeid

23/20 Budsjett 2021 – kontrollarbeidet i kommunen – utvalet sitt framlegg

24/20 Referat- og orienteringssaker 15.09.20

Eventuelt

Aksdal, 08.09.20

Ola S. Apeland (sign.)
utvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)
Presse/publikum

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.09.20	19/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 09.06.20

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval 09.06.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll fra møtet 09.06.20

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 09.06.20 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, xx.09.20

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

TYSVÆR KONTROLLUTVAL**PROTOKOLL**

Tysdag **9. juni 2020** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ola S. Apeland.

MØTESTAD:	Tysvær rådhus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 18.00 – kl. 20.35
MØTANDE MEDLEMMER:	Ola S. Apeland (H), Karsten A. Larsen (FrP), Emly Årvik (A), Marit Hølland Gjedrem (Sp) og Svein Terje Brekke (KrF)
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Forvaltningsrevisor Bjørg Rabbe Sandven, KPMG AS, Bergen på Teams i sakene 13-15
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigmund Lier (A) Rådmann Sigurd Eikje Komm.sjef teknisk Bjørn Bruaset i sak 15/20 Kommunalsjef Jorid Veia Isdahl i sak 16 og 18 Barnevernsleiar Stine Heinz i sak 17/20
MERKNADER TIL INNKALLING	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Sakene 16 og 17 blei flytta fram, etter 12/20. Der etter sakene 13-15 og så sak 18/20. Utvalsleiar varsla to saker under Eventuelt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**SAK 12/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 12.05.20****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 12.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20:

Protokoll frå møtet i Tysvær kontrollutval den 12.05.20 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 13/20 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2020-2024**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre, og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Tysvær kommunestyret gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor Sandven deltok via Teams. Ho gjekk igjennom områda som tidlegare var valt ut. Utvalsleiar delte ut framlegg til prioriteringsliste og utvalet drøfta denne:

- *Beredskap; hendingar og katastrofar*
- *Barnevernet*
- *Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag*
- *Samspel mellom tilsette, administrasjon og folkevalde*
- *Kontraktoppfølgning*
- *Manglande kompetanse*

Utvalsmedlemma kom med framlegg på kva dei meinte kunne vere dei viktigaste i planen. Etter drøftingar blei utvalet samd i å gje følgjande prioritet:

1. *Beredskap; hendingar og katastrofar,*
2. *Barnevernet,*
3. *Reduksjon i framtidig inntektsgrunnlag,*
4. *Kontraktsoppfølging,*

og at desse kunne også vere aktuelle:

- *Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde*
- *Manglande kompetanse*

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 slik den ligg føre, og med følgjande prioriteringar:

1. *Beredskap hendingar og katastrofar.*
2. *Barnevern*
3. *Reduksjon av framtidig inntektsgrunnlag*
4. *Kontraktsoppfølging*

Andre område som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden er:

- *Samspelet mellom tilsette, administrasjon og folkevalde*
- *Manglande kompetanse*

Tysvær kommunestyret gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3.

SAK 14/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024

Sekretariatet si innstilling:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre/ med endringar/tillegga og med følgjande prioriteringar:

1.
2.
3. osv.

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.

Tysvær kontrollutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Utvalsleiar innleia. Forvaltningsrevisor Sandven deltok via Teams. Utvalsleiar delte ut framlegg til prioriteringsliste og utvalet drøfta denne:

- *Generell eigarstyring*
- *Haugaland Kraft AS*
- *Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS*
- *Haugaland Vekst IKS*
- *Friluftsrådet Vest*

Utvalsmedlemma kom med sitt syn på kva dei meinte kunne vere viktigast. Etter drøftingar blei utvalet samd i å gje følgjande prioritet:

1. *Generell eigarstyring*

Andre selskap som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll er:

- *Haugaland Kraft AS*
- *Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS*
- *Haugaland Vekst IKS*
- *Friluftsrådet Vest*

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20 og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyret vedtar Plan for eigarskapskontroll 2020- 2024 slik den ligg føre med, og med følgjande prioritering:

1. Generell eigarstyring

Andre selskap som kan vere aktuelle for eigarskapskontroll er:

- *Haugaland Kraft AS*
- *Haugaland Interkommunale Miljøverk (HIM) IKS*
- *Haugaland Vekst IKS*
- *Friluftsrådet Vest*

Retningslinjer for selskapskontroll i Tysvær kommune blir vidareført slik dei ligg føre frå 2006 og sist endra 2012.

Tysvær kontrollutval får delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-4.

SAK 15/20 FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «KVALITETSSIKRING AV PLAN- OG BYGGESAKSHANDSAMINGA»

Sekretariatet si innstilling:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaminga» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.

(Utvalet vil spesielt trekkje fram punkt (-ene)..... som viktige å følgje opp.)

3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Forvaltningsrevisor Sandven gjorde greie for føremål, problemstillingane, deira vurderingar og tilrådingar via Teams. Kommunalsjef teknisk meinte det var ei verdefull rapport til hjelp for å betre plan- og byggesakshandsaminga. Fleire av punkta var kjente, og desse ville dei jobba med vidare.

Utvalet meinte rapporten viste at det var ting å ta tak i, men dei var også trygg på at tilrådingane ville bli følgd opp. Utvalet var samd i å ikkje framheva nokre punkt, så dette ville dei ha strøke. Utvalet støtta elles innstillinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20 og innstilling til kommunestyret:

1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitetssikring av plan- og byggesakshandsaminga» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine 9 tilrådingar.
3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 12 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

SAK 16/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF OPPVEKST OG KULTUR**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval vedtek Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef oppvekst og kultur sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Kommunalsjef oppvekst og kultur viste organisasjonskart, som var nytt frå 01.09.19. Ho har no ansvar for helsestasjon/skulehelsetenesta, PPT, skulane (8 + Tysvær opplæringscenter), barnehagane (7+3) og kulturen (4 einingar). Ho viste deira visjon, hovudmål og delmål. Det vert satsa sterkt innan god og robust psykisk helse for barn og unge og dette med deltaking og medverknad. Det vert arbeida med gode system for oppdage og setje i gang tidlege tiltak. Av andre satsingstiltak blei Ungdomsløftet (13-30 år) og Foreldrerettleiing trekt fram. Det siste har fått statlege midlar og er eit fellesprosjekt mellom fleire kommunar på Haugalandet.

Utvalet hadde spørsmål om det blei famna for vidt når det gjeld satsingsområde og om kommunen sikrar seg slik at ein følgjer lov og forskrift. Ho viste til at dokumentasjon her var viktig. Det var krevjande, men at det skal komme på plass. Ho gjekk så over til å orientere om tilsyna, som er tatt inn under sak 18. Utvalsleiar takka for orienteringane.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef oppvekst og kultur sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 17/20 ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – BARNEVERNLEIAR**Sekretariatet si innstilling:**

Tysvær kontrollutval tek orienteringa frå barnevernsleiar om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:

Barnevernsleiar takka for invitasjonen. Ho viste organisasjonskart over dei tre teama: undersøking- og tiltaksteamet, rettleiarteamet og omsorgsteamet. Sidan 2019 var det no ein leiar og to fagleiarar, tils. 19 tilsette på 16,4 årsverk. Deira mandat var barnevernslova, med dei krav det sett.

Alle vurderingar blir tatt i team, men kontakt med familiane er ein til ein. Fokusområde dei siste åra hadde vore: barn si medverknad og openheit og tillit. Det vert jobba med planer for sikre kvalitativ dokumentasjon og auka kompetanse for dei tilsette.

Utvalet hadde spørsmål knytte til endringar etter ekspertutreiinga. Ho viste til at dette var krevjande tenester. Det hadde skjedd ei stor utvikling innan faget dei siste 20 åra. Ho og dei tilsette hadde ønske om å gjere ein god jobb, og kritikk såg ho på som moglegheit for utvikling innan fagfeltet. Utvalsleiar takka for orienteringa.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20:

Tysvær kontrollutval tek orienteringa frå barnevernsleiar om sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering.

SAK 18/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 09.06.20

25. Kommunen si oppfølging av brot på opplæringslova v/kommunalsjef
26. Skulesjefen sitt svar 29.05.20 til FM om lukking av tilsyn etter § 9A - Tysværvåg B/U
27. Skulesjefen sitt svar 29.05.20 til FM om lukking av tilsyn etter § 9A - Frakkagjerd US
28. Statusrapport pr. juni 2020
29. Representantskapsmøte i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS 27.05.20
30. Representantskapsmøte i Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS 10.06.20
31. Medlemsinformasjon mai 2020 – frå FKT

Handsaming i kontrollutvalet 09.06.20:Pkt. 25-27 – tilsyn § 9A

Kommunalsjefen orienterte om tilsyna og ho var glad for at fylkesmannen fører tilsyn. I Tysvær var det at dokumentasjonen var mangelfull. Skulane har plikt til å arbeide førebyggjande. Plan var utarbeida, men rutinane og oppfølging var ikkje godt nok dokumentert. Det blir no jobba vidare med å få lukka avvika.

Utvalet var samd i at dette arbeidet er krevjande, men at det er viktig å gjere alt ein kan for å oppfylle lovkrava innan § 9A.

Utvalet hadde ingen merknader til dei andre sakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 09.06.20:

Referatsakene nr 25 – 31 blir tatt til orientering.

Tysvær kontrollutval viser til kommunalsjefen si utgreiing om kommunen sin oppfølging av rapportene om brot på opplæringslova kap. 9a og det vidare arbeid innan dette område og tar saka til orientering.

EVENTUELTE-post frå gruppeleiar FrP

Utvalsleiar orienterte om at han same dag som møtet hadde fått e-post frå Randi Rettedal om ønske om at kontrollutvalet sjekka opp vedtak, der eit framlegg om omgjerding av ein orienteringssak til politisk sak på sakslista var blitt nedstemt. Ho viste til mindretalet si rett til å få satt ei sak opp på sakskartet dersom 1/3 av organet krev det, jf. kommunelova § 11-3.

Ordførar orienterte om bakgrunn for saka og frå dagens formannskapsmøte og den vidare saksgang når det gjaldt å gjere rapport tilgjengeleg.

Utvalet bad rådmannen orientere i neste møte om praksisen innan dette feltet.

Kommunestyremøtet i juni på Teams

Utvalsleiar ønskte at ordføraren forklarte kvifor kommunestyremøtet skulle vere på Teams, den 16. juni, nå når det var letta på restriksjonane. Leiar meinte det måtte vere tunge grunnar for å ikkje møte fysisk. Ordførar viste til at kommuneoverlegen meinte bruk av kommunestyresal ikkje var høveleg. Nygårdssalen i Tysværtunet var vurdert, men den hadde ikkje mikrofonar til alle, og det var ikkje mogeleg å strøyme møtet. Det var i tillegg komme meldingar frå representantar som fortsatt var redde for smitte ved å møte opp fysisk. Det var lagt stor vekt på at publikum gjennom å følgje møtet digitalt, kunne følgje debatten. Derfor var fysisk møte utsett til september.

Utvalet var tilfreds med svaret, men peika på at det var viktig at møteleiar og sekretær-/ane passa på at alle var innlogga heile tida.

Neste møte: tysdag **15. september** 2020, kl. 18.00

Saker: Orientering frå kommunalsjef helse og mestring, oppfølging av rapport om kvalitet og ressurseffektivitet innan pleie- og omsorgstenestene, revisor si eigenmelding for 2020, utvalet sitt framlegg til budsjett 2021, anbudsprosess for val av revisor frå 01.07.21

Aksdal, 9. juni 2020

Ola S. Apeland (sign.)
kontrollutvalsleiar

Toril Hallsjø (sign.)
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	15.09.20	20/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – KOMMUNALSJEF HELSE OG MESTRING

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Tysvær kontrollutval tek gjennomgangen frå kommunalsjef helse og mestring sitt arbeids- og ansvarsområde til orientering

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 04.02.20, sak 2/20 følgjande:

Tysvær kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 12.05.20 Kommunalsjef oppvekst og kultur (seinare utsett til 09.06.20)t
Møtet 09.06.20 Barnevernsleiar
Møtet 15.09.20 Kommunalsjef helse og omsorg
Møtet 10.11.20 Økonomisjef

Tidsramma vert sett til 30-40 min. inklusiv spørsmål.

Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringane er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 07.02.20.

Etter avtale med kommunalsjef Annbjørg Lunde stillar ho på møtet for å orientere om sitt arbeids- og ansvarsområde.

Sekretariatet vil gjere framlegg (kun rettleiande) at det vert orientert om følgjande tema:

Tenesteområda og tenestetilbod

- Korleis tenesteområda er organisert
- Kva tenester som ligg til tenesteområda

Talet tilsette på tenesteområda

- Fordeling på dei ulike tenestene
- Rekruttering av medarbeidarar
- Eventuelle utfordringar når det gjeld rekruttering

Budsjett og rekneskap

- Rammer
- Resultat

Tankar om framtida

- Utfordringar
- Planar

Det er fastsett tidsramme med 30-40 minutt inklusiv spørsmål, men det er mogleg for utvalet å utvide denne, dersom det er ønskeleg, men med mange saker på sakslista, bør tidsramma bli respektert.

Det er greit, dersom nokon av utvalsmedlemmene skulle ha innspel eller spesielle ønskjer om emne og spørsmål, om dei varslar om det via sekretariatet i forkant av orienteringa.

Aksdal, 08.09.20

Toril Hallsjø (sign.)

Dagleg leiar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Kontrollutvalet	21.05.19	21/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «KVALITET OG RESSURSEFFEKTIVITET I PLEIE- OG OMSORGS- TENESTENE»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet i pleie- og omsorgstenestene» til orientering

Vedlegg: Rådmannen si tilbakemelding, dagsett 03.09.20

Saksorientering

Bakgrunn

Tysvær kommunestyre vedtok samrøystes i møtet 18.06.19, sak 34/19 følgjande:

- 1. Tysvær kommunestyre har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» og tek denne til orientering.**
- 2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.**
- 3. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.**

Formålet med forvaltningsrevisjonen var å kartlegge og vurdere kvaliteten og ressurs-effektiviteten innanfor pleie- og omsorgstenestene. Forvaltningsrevisjonen var avgrensa til å omfatte tenestene som ytast til dei eldre.

Revisjonen skulle sjå nærare på velferdsteknologi, tildeling av tenester, samt kommunen sitt mottak av utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetestenesta og det kommunale øyeblikkeleg hjelp-døgntilbud (KØHD).

Det blei stilt opp følgande problemstillingar:

1) Område 1: Velferdsteknologi

- a. Korleis nyttar Tysvær kommune velferdsteknologi som eit hjelpemiddel i pleie- og omsorgstenestene?*
- b. Kva har kommunen gjort for å skape forståing av kva velferdsteknologi er og kvifor det er/blir nødvendig å ta denne i bruk?*

2) Område 2: Ressurseffektivitet og kvalitet

I kva grad er kommunen si tildeling av tenester i samsvar med kommunen sine egne rutinar og BEON-prinsippet?

3) Område 3: Kordan fungerer kommunen sitt system for mottak av utskrivningsklare pasientar frå sjukehus?

Revisor sine vurderingar

På bakgrunn av undersøkingane kom revisor med følgjande tilrådingar i rapport, mai 2019:

- 1. Kommunen bør sørge for at tildelingskontoret blir organisert på ein meir ressurseffektiv måte i den kommande omorganiseringa i kommunen,**
- 2. Kommunen bør ved avslag på søknad om langtidsopphald presisere kva kriterier brukaren ikkje oppfyller samt forklare kvifor brukaren ikkje oppfyller desse kriteria,**
- 3. Kommunen bør sørge for at det blir utarbeida ein hensiktsmessig praksis for å evaluere og revurdere tenester,**
- 4. Kommunen bør halde fram fokuset på å endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta,**
- 5. Kommunen bør i samarbeid med Helse Fonna HF sørge for at avvik blir ført i tråd med samarbeidsavtalen**

Tilbakemelding

Rådmannen har nå i vedlagt brev, dagsett 03.09.20, gjeve tilbakemelding på status for oppfølging av rapport og korleis tilrådingane er følgt opp eller er tenkt følgt opp.

I oversendinga kjem det fram at rådmannen hadde merket seg fristen, men pga den ekatraordinære situasjonen i den kommunalle driften med koronapandemien, blei fristen ikkje halden. Dette blei varsla i vår at tilbakemeldinga ville komme til hausten.

Sekretariatet har valt å ta rådmannen/kommunalsjefen sine kommentarer inn i saksframlegget:

1. Organisering av tildelingskontoret

«Kommunen bør sørge for at tildelingskontoret blir organisert på ein meir ressurseffektiv måte i den kommande omorganiseringa i kommunen».

I 2019 blei det bestemt endring i kommunen si øvste administrative leining. Rådmannen si leiargruppe blei endra frå 6 resultatområde til 3 kommunalsjefområde. Dette kravde vidare ei justering/endring av organiseringa innan dei tre områda. Innan området helse og mestring var det nødvendig med ei meir effektiv organisering. Gjennom prosessar med leiarar og tillitsvalte blei det landa ei endeleg organisering for Helse og mestring. Dette innebar endring for tildelingskontoret.

Kontoret har sidan starten vore organisert mellom to resultatområde, både når det gjeld saksbehandling, vedtak, tildeling innan tenester og bustader, samt koordinerande eining. Tildelingskontoret har i ny organisering ein felles leiar med fleire felles funksjonar som skal bidra til meir heilskapleg saksbehandling. Leiar for ressurs- og tenestekontoret er plassert direkte under kommunalsjefen og er i kommunalsjefen si leiargruppe.

Det er ressurseffektivt at leining av tenestekontoret er tett på viktige strategiar og avgjersler innan helse- og omsorgstenestene. Dette bidrar til å sikra at kommunen sine strategiar blir omgjort til praksis i det daglege. Samhandling både eksternt og internt, er i fokus slik at brukarar og pårørande i større grad kan oppleve ei koordinert og samla teneste

2. Kvalitet på innhaldet ved avslag på teneste

«Kommunen bør ved avslag på søknad om langtidsopphald presisere kva kriterier brukaren ikkje oppfyller samt forklare kvifor brukaren ikkje oppfyller desse kriteria»

Kommunen har eit mål om klart og forståeleg språk. Rådmannen er einig i at avslag på søknad må innehalda tydeleg grunngjeving for avslaget og kva kriterium som ikkje er oppfylt. Kommunen har tatt dette til etterretning. Saksbehandlarane i tenestekontoret har fokus på at vedtak og avslag på søknader skal vera i tråd med retningslinjene og gi mottakar god informasjon. Tenestekontoret har vedtaksmøter kvar veke kor ein mellom anna drøftar innhald og grunngjeving i vedtaka meir inngåande.

3. Evaluere og revurdere tenester

«Kommunen bør sørge for at det blir utarbeida ein hensiktsmessig praksis for å evaluere og revurdere tenester».

Kommunen har utarbeidd rutinar for samhandling mellom Ressurs – og tenestekontoret og tenestene. Rutinane skal sikre at pågåande helse- og omsorgstenester kontinuerleg blir gjennomgått for å finne rett nivå på tenestene til den enkelte.

Tenestekontoret skal i løpet av hausten 2020 etablere rutinar for evaluering og revidering av vedtak innanfor alle tenesteområder. Vedtaka skal vere avgrensa i tid for å sikre at ein regelmessig evaluering blir gjennomført.

4. Endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta

«Kommunen bør halde fram fokuset på å endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta».

I 2020 har rådmannen ferdigstilt plan Helse og mestring 2020-2040. Det blir kontinuerleg jobba med å utforma tenestene i tråd med nasjonale føringar og med sikte på å kunne nytta ressursane best muleg til beste for innbyggjarane. Tysvær kommune sine pleie- og omsorgstenester har høgare ressursbruk enn mange andre kommunar (jf. KOSTRA).

Det er nødvendig å finna nye og innovative måtar å møta behov for helsetenester på. Bærekraftige helse- og omsorgstenester er ein av dei fire satsingsområde i plane Helse og mestring 2020-2040. Førebygging og eigeninnsats for å ta vare på eigen helse, rehabilitering, bærekraftig bustadpolitikk, samarbeid med pårørande og frivillige samt teknologi er viktige stikkord.

Dei fleste ynskjer å vera i eigen heim så langt det let seg gjera. Det krev oppfølging og effektivisering av pleie og omsorgstenesta og rett kompetanse til å møta nye utfordringar. Dette inneber å omfordela ressursane i helse og omsorgstenestene slik at heimetenesta vert styrkt.

5. Føre avvik som gjeld Helse Fonna i tråd med samarbeidsavtalane

«Kommunen bør i samarbeid med Helse Fonna HF sørge for at avvik blir ført i tråd med samarbeidsavtalen».

Det går fram av rapporten at ikkje alle delar i samarbeidsavtalen er på plass ved overføring av pasientar mellom sjukehuset og kommunen. Det er viktig at det blir ført avvik slik at ein kontinuerleg kan jobba med forbetring og mot betre tenester.

Avviksmelding til sjukehuset er tungvint og krev at det blir sett av tid. Kommunen må erkjenne at avvik ikkje alltid blir meldt. Dette er uheldig. Dette kan skuldast fleire ting, t.d. at det er enkelt å melde avvik, at det kjem tilbakemelding om korleis avvik blir lukka, at personell har fokus på at det er viktig å melde i frå, leiing i avdeling.

Kommunen er via samarbeidsutvalet SU (felles samarbeidsorgan mellom dei 16 kommunane og Helse Fonna) i dialog med øvrige kommunar og med sjukehuset om problemstillinga. Ein opplever at det er felles positiv haldning til forbetningsarbeid og at det skal bli lettare å melda ifrå for den enkelte tilsette.

Det er viktig at tilsette kjenner samarbeidsavtalane slik at ein kan identifisera når det er brot på avtalane. Kommunen skal gå igjennom rutiane som er knytta til å melde avvik som gjeld samarbeidet med Helse Fonna, og syte for at tilsette er kjent med desse.

Sekretariatet sine kommentarar

I følge kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen i denne saka har gjeve ei god tilbakemelding, og tilrådingane er det tatt tak i gjennom nye rutinar, og forbetringstiltak er sett i verk.

Aksdal, 08.09.20

Toril Hallsjø
Dagleg leiar/utvalssekretær



TYSVÆR KOMMUNE
Helse og mestring

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat Iks
Postboks 57

5575 AKSDAL

Dato: 03.09.2020
Vår arkivsakID: 20/4059
Deres referanse:
Saksbehandler: Annbjørg Lunde

Tilbakemelding på revisjonsrapport - Forvaltningsrevisjon - Kvalitet og ressurseffektivitet i pleie- og omsorgstenestene

Viser til Sak 6/19 i kontrollutvalet 21.05.2019 Forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene». Det vart reist problemstillingar rundt tre område:

Område 1: Velferdsteknologi

Område 2) Ressurseffektivitet og kvalitet. I kva grad er kommunen si tildeling av tenester i samsvar med kommunen sine eigne rutinar og BEON-prinsippet?

Område 3: Korleis fungerer kommunen sitt system for mottak av utskrivingsklare pasientar frå sjukehus?

I vedtaket i kontrollutvalet 21.05.2019 og i kommunestyret 18.06.2019 står det:

1. Tysvær kommune har merka seg det som kjem fram i KPMG sin rapport «Kvalitet og ressurseffektivitet innanfor pleie- og omsorgstenestene» og tek denne til orientering.
2. Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine tilrådingar.
3. Rådmannen gjev tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

Rådmannen har merka seg at frist for tilbakemelding var 18. mars 2020. Grunna ekstraordinær situasjon i den kommunale drifta med koronapandemien, blei fristen ikkje overhalden. Det blei meldt ifrå om at rådmannen vil tilbakemelda i tråd med vedtaket til kontrollutvalet 15. september 2020.

I rapporten som er gjennomført av KPMG, blir det gjort greie for samtlige tema i bestillinga, og KPM har fylgjande tilrådingar til kommunen:

Tilrådingar frå KPMG:

Våre tilrådingar er at Tysvær kommune prioriterer fylgjande:

1. Kommunen bør sørge for at tildelingskontoret blir organisert på ein meir ressurseffektiv måte i den kommande omorganiseringa i kommunen
2. Kommunen bør ved avslag på søknad om langtidsopphald presisere kva kriterier brukaren ikkje oppfyller samt forklare kvifor brukaren ikkje oppfyller desse kriteria

3. Kommunen bør sørge for at det blir utarbeida ein hensiktsmessig praksis for å evaluere og revurdere tenester
4. Kommunen bør halde fram fokuset på å endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta
5. Kommunen bør i samarbeid med Helse Fonna HF sørge for at avvik blir ført i tråd med samarbeidsavtalen

Rådmannen vil tilbakemelde til kontrollutvalet og kommunestyret for kvart av dei fem punkta i tilrådinga:

1. Organisering av tildelingskontoret

«Kommunen bør sørge for at tildelingskontoret blir organisert på ein meir ressurseffektiv måte i den kommande omorganiseringa i kommunen».

I 2019 blei det bestemt endring i kommunen si øvste administrative leiing. Rådmannen si leiargruppe blei endra frå 6 resultatområde til 3 kommunalsjefområde. Dette kravde vidare ei justering/endring av organiseringa innan dei tre områda. Innan området helse og mestring var det nødvendig med ei meir effektiv organisering. Gjennom prosessar med leiarar og tillitsvalte blei det landa ei endeleg organisering for Helse og mestring. Dette innebar endring for tildelingskontoret. Kontoret har sidan starten vore organisert mellom to resultatområde, både når det gjeld saksbehandling, vedtak, tildeling innan tenester og bustader, samt koordinerande eining. Tildelingskontoret har i ny organisering ein felles leiar med fleire felles funksjonar som skal bidra til meir heilskapleg saksbehandling. Leiar for ressurs- og tenestekontoret er plassert direkte under kommunalsjefen og er i kommunalsjefen si leiargruppe.

Det er ressurseffektivt at leiing av tenestekontoret er tett på viktige strategiar og avgjersler innan helse- og omsorgstenestene. Dette bidrar til å sikra at kommunen sine strategiar blir omgjort til praksis i det daglege. Samhandling både eksternt og internt, er i fokus slik at brukarar og pårørande i større grad kan oppleve ei koordinert og samla teneste.

2. Kvalitet på innhaldet ved avslag på teneste

«Kommunen bør ved avslag på søknad om langtidsopphald presisere kva kriterier brukaren ikkje oppfyller samt forklare kvifor brukaren ikkje oppfyller desse kriteria»

Kommunen har eit mål om klart og forståeleg språk. Rådmannen er einig i at avslag på søknad må innehalda tydeleg grunngjeving for avslaget og kva kriterium som ikkje er oppfylt. Kommunen har tatt dette til etterretning. Saksbehandlarane i tenestekontoret har fokus på at vedtak og avslag på søknader skal vera i tråd med retningslinjene og gi mottakar god informasjon. Tenestekontoret har vedtaksmøter kvar veke kor ein mellom anna drøftar innhald og grunngjeving i vedtaka meir inngående.

3. Evaluere og revurdere tenester

«Kommunen bør sørge for at det blir utarbeida ein hensiktsmessig praksis for å evaluere og revurdere tenester».

Kommunen har utarbeidd rutinar for samhandling mellom Ressurs – og tenestekontoret og tenestene. Rutinane skal sikre at pågåande helse- og omsorgstenester kontinuerleg blir gjennomgått for å finne rett nivå på tenestene til den enkelte.

Tenestekontoret skal i løpet av hausten 2020 etablere¹⁹ rutinar for evaluering og revidering av vedtak innanfor alle tenesteområder. Vedtaka skal vere avgrensa i tid for å sikre at ein regelmessig evaluering blir gjennomført.

4. Endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta

«Kommunen bør halde fram fokuset på å endre tenesteprofilen og styrkje heimetenesta».

I 2020 har rådmannen ferdigstilt plan Helse og mestring 2020-2040. Det blir kontinuerleg jobba med å utforma tenestene i tråd med nasjonale føringar og med sikte på å kunne nytta ressursane best muleg til beste for innbyggjarane. Tysvær kommune sine pleie- og omsorgstenester har høgare ressursbruk enn mange andre kommunar (jf. KOSTRA).

Det er nødvendig å finna nye og innovative måtar å møte behov for helsetenester på. Bærekraftige helse- og omsorgstenester er ein av dei fire satsingsområde i plane Helse og mestring 2020-2040. Førebygging og eigeninnsats for å ta vare på eigen helse, rehabilitering, bærekraftig bustadpolitikk, samarbeid med pårørande og frivillige samt teknologi er viktige stikkord.

Dei fleste ynskjer å vera i eigen heim så langt det let seg gjera. Det krev oppfølging og effektivisering av pleie- og omsorgstenesta og rett kompetanse til å møte nye utfordringar. Dette inneber å omfordela ressursane i helse og omsorgstenestene slik at heimetenesta vert styrkt.

5. Føre avvik som gjeld Helse Fonna i tråd med samarbeidsavtalane

«Kommunen bør i samarbeid med Helse Fonna HF sørje for at avvik blir ført i tråd med samarbeidsavtalen».

Det går fram av rapporten at ikkje alle delar i samarbeidsavtalen er på plass ved overføring av pasientar mellom sjukehuset og kommunen. Det er viktig at det blir ført avvik slik at ein kontinuerleg kan jobba med forbetring og mot betre tenester.

Avviksmelding til sjukehuset er tungvint og krev at det blir sett av tid. Kommunen må erkjenna at avvik ikkje alltid blir meldt. Dette er uheldig. Dette kan skuldast fleire ting, t.d. at det er enkelt å melde avvik, at det kjem tilbakemelding om korleis avvik blir lukka, at personell har fokus på at det er viktig å melde i frå, leiing i avdeling. Kommunen er via samarbeidsutvalet SU (felles samarbeidsorgan mellom dei 16 kommunane og Helse Fonna) i dialog med øvrige kommunar og med sjukehuset om problemstillinga. Ein opplever at det er felles positiv haldning til forbetringsarbeid og at det skal bli lettare å melda ifrå for den enkelte tilsette.

Det er viktig at tilsette kjenner samarbeidsavtalane slik at ein kan identifisera når det er brot på avtalane. Kommunen skal gå igjennom rutineane som er knytta til å melde avvik som gjeld samarbeidet med Helse Fonna, og syte for at tilsette er kjent med desse.

Med helsing

Sigurd Eikje
rådmannen

Annbjørge Lunde
kommunalsjef helse og mestring

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	22.09.20	
Kontrollutvalet	15.09.20	22/20
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Toril Hallsjø	216	

VAL AV REVISJON FRÅ 01.07.21 – KONKURRANSEBASERT ELLER INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Sekretariatet si innstilling:

ALTERNATIV A

*Tysvær kontrollutval vil tilrå Tysvær kommune å velje **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Sak om innhaldet i samarbeidsavtala vert lagt fram for utvalet før oppstart.

Dersom kommunen vel å ikkje gå inn på eigarsida i Rogaland Revisjon IKS godkjenner utvalet følgjande konkurransegrunnlag i ein eventuell anbodsrunde:

Tildelingskriterier vert sett til:.....

og innstilling til kommunestyret:

*Tysvær kommunestyre vel å gå inn i eit **interkommunalt samarbeid** om levering av revisjonstenester gjennom å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS frå 01.07.21.*

Selskapet vil då bli kommunen sin oppdragsansvarleg revisor innan regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i åra framover.

Rådmannen legg fram sak om den nye selskapsavtala og finansiering av innskot seinare i haust eller på nyåret 2021.

ALTERNATIV B

Tysvær kontrollutval vil tilrå Tysvær kommune å fortsetje og **kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tenesta i nytt anbod hausten 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytter til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og i samråd med økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21.

I konkurransegrunnlaget settast det opp følgjande **tildelingskriterier**:

- ☐ pris 35 %
- ☐ kvalitet 65 % (spesifiserast nærmare vedk. kompetanse, erfaring og løysingsforslag).

I fastdelen inngår hovuddel av rekneskapsrevisor sine oppgåver, dvs. revisjon av årsrekneskap, forenkla etterlevingskontroll, diverse attestasjonar, spillemiddelrekneskap, finansreglement, lån, bebuarekneskap, EU-prosjekter, osv. (spesifiserast nærare i konkurransegrunnlaget).

I timebetalt oppdrag inngår bestilling av forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Fullstendig beskrivelse av leveransen vil følgje i «kravspesifikasjon».

Estimert verdi på avtalen er samla 0,55 mill. kroner årleg. Total kontraktsverdi er ca. 2,2 mill. kroner.

Desse beløpa beror på estimar med bakgrunn i historiske tall og skal ikkje medføre nokon forpliktelsar for oppdragsgjevar eller rettigheter for tilbydar. Det tas forbehold om endringar i volum som følgje av endra økonomiske rammevilkår, prosjekter og kommunal aktivitet.

Rammeavtalen trer i kraft frå 01.07.21 og varer til 30.06.25. Oppdragsgjevar vil ha en opsjon på å forlengje avtalen i ytterlegare 1 + 1 år, i henhold til dei vilkår som er avtalt i kontrakten.

og innstilling til kommunestyret:

Tysvær kommunestyre vel å fortsetje og **kjøpe alle revisjonstenester i markedet** gjennom å konkurranseutsette tjenesten i nytt anbod hauste 2020.

Kontrollutvalssekretariatet knytte til seg naudsynt hjelp frå Innkjøpssamarbeidet på Haugalandet og økonomisjefen i kommunen ved utforming av konkurransegrunnlaget og ved evaluering av anboda.

Sekretariatet førebur sak til kontrollutvalet og kommunestyret våren 2021 om val av revisor frå 01.07.21 på bakgrunn av innleverte tilbod.

- Vedlegg:**
- 1.Revisorforeningen – revisjon i kommuner
 - 2.Revisorforeningen –kommuner med privat revisjon – 2019
 3. Sammendrag - masteroppgave 2018 v/NHH om konkurranseutsatt revisjon

Saksorientering

Etter kommuneloven § 23-2 ligger det til kontrollutvalget å føre tilsyn og å påse at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning. Videre, etter kommuneloven § 24-1, er det kommunestyret *selv*, etter innstilling fra kontrollutvalget, som avgjør om kommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med en annen revisor, dvs. at tjenesten konkurranseutsettes.

Tysvær kommunestyre vedtok i møtet 18.06.19, sak 35/19 følgende:

Tysvær kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med 1 år med revisjonsselskapet KPMG AS om levering av revisjonsteneste til Tysvær kommune fram til 30.06.21.

Tysvær kommunestyre gjer kontrollutvalet fullmakt til å utforme konkurransegrunnlaget og førebu sak om innkjøp av revisjonstenester i 2020 med verknad frå 01.07.21.

Vedtaket hadde bakgrunn i kommunestyrevedtak i møtet 15.12.15, sak 82/15:

Tysvær kommunestyre vel revisjonsselskapet KPMG AS som kommunen sin revisor frå 01.07.16 til 30.06.20, og med opsjon for kommunen til å forlengje avtalen med 2 år.

Bakgrunn

Dagens avtale utløper neste år, så iverksettelse med anbudsarbeidet må starte i høst. Fra Rådmannsforum på Haugalandet er sekretariatet blitt informert om at Rogaland Revisjon IKS i februar har hatt møte med administrasjonen i Haugesund, Karmøy og Tysvær for å markedsføre sine tjenester og for å signalisere at de var interessert i en utvidelse av selskapet på eiersiden av kommunene på Haugalandet.

Lovverket er imidlertid slik at det er kontrollutvalget som må ta initiativ til forslag til endring av revisjonsordning og gi innstilling til kommunestyret, ikke rådmann eller økonomisjef.

I sak til junimøtene til Karmøy og Sveio kontrollutvalg om at kommende anbudsprosess var blitt forsinket på pga. koronapandemien i vår, vedtok Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalget 17.06.20, sak 19/20 følgende:

Karmøy kontroll og kvalitetsutvalg tar sak om kommende anbudsprosess om levering av revisjonstjenester til Karmøy kommune fra 01.07.21 til orientering.

Karmøy kontroll- og kvalitetsutvalg ber sekretariatet om å lage en saksutredning knyttet til valg av revisjonsordning til neste møte i august.

Utvalget var enig i at det ønsket å få en sak opp i neste møte om kostnader til revisjon opp mot andre kommuner, fordeler og ulemper med kjøp av revisjonstjenester i markedet (konkurranseutsetting) og en vurdering opp mot et interkommunalt samarbeid med mulig opptak i Rogaland Revisjon IKS.

Vedtaket i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 22.06.20, sak 17/20 var følgende:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber sekretariatet om å lage eit saksframlegg knytte til val av revisjonsordning til neste møte i september, og om mogeleg invitere Rogaland Revisjon IKS til å presentere seg.

Sekretariatet har senere drøftet internt om Rogaland Revisjon bør gis anledning til å presentere seg, da det gir selskapet en fordel i forhold til andre selskapene. Dersom utvalget ønsker en presentasjon mener sekretariatet at selskapet evt. kan inviteres til novembermøtet, ut fra da at det vil være klart hvilket alternativ kommunestyret har valgt.

Kontrollutvalgslederne på Haugalandet ble i en e-post i juni 2020 gjort oppmerksom på Karmøy og Sveio sine vedtak og at sekretariatet forberedte en sak til utvalgene i august og september. Alle lederne har gitt tilbakemelding om at de ønsker saken på sakslista.

Konkurransebasert revisjon

Haugesund kommune gikk ut av det interkommunale samarbeidet i 2005 og har konkurranseutsatt sine revisjonstjenester siden 2006. De andre Haugalandets kommunene gikk ut i markedet fra høsten 2011 da en sak om interkommunalt revisjonssamarbeid mellom Haugaland Kommunerevisjon og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt hadde strandet. Det var Karmøy kommune som gjennom sitt kommunestyrevedtak 14.12.10, sak 78/10 sa opp revisjonsavtalen med Kommunerevisjon Vest (som skulle være det nye navnet på revisjonssamarbeidet etter 01.01.12). Alle de øvrige åtte kommunene i § 27-samarbeidet Haugaland kommunerevisjon hadde da gjort positivt vedtak om fusjonen. Sekretariatet startet da anbudsprosessen senhøsten 2011, anbudsfri frist på nyåret og politisk behandling våren 2012. Selskapet KPMG AS ble valgt som leverandør og de hadde avtale med kommunen fra 01.07.12 til 30.06.16.

Anbudsprosessen i 2015 hadde oppstart om våren og siste politisk behandling senhøsten 2015. Revisjonsselskapet KPMG AS ble da igjen valgt for 4 år med mulighet for opsjon med 2 år.

Ved begge disse anbudsrundene var det kontrollutvalgene som godkjente konkurransegrunnlaget, uten at kommunestyret direkte hadde delegert oppgaven til utvalget. Ved spørsmål om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde i fjor, ble denne fullmakten tatt inn i innstillingen fra kontrollutvalget til kommunestyret.

Konkurransesutsetting

Konkurransesutsetting av tjenester er en omfattende prosess. Konkurransesgrunnlaget og tildelingskriteriene må utarbeides og godkjennes. Anbudet skal så kunngjøres i den nasjonale databasen Doffin og TED, avhengig av EØS-terskelverdi, med rette frister (minimum 45 dager). Tilbudene skal vurderes og innstilling utarbeides og legges fram for kontrollutvalget og deretter kommunestyret. Kontrakt må skrives ut i etterkant, etter at vedtak foreligger, og etter at karenstiden er utløpt.

Normalt vil tidsforløpet ved en slik anbudsporsess være opptil ¾ år. Ved den første anbudsporsessen i 2011-2012 var det oppstart senhøsten 2011, anbudsfri frist på nyåret og politisk behandling våren 2012. Ved sist anbudsporsess var det oppstart våren 2015 og politisk behandling senhøsten 2015.

Ved skifte av leverandør vil det for selskapene være behov for tid til opp- eller nedbemanning eller omrokking ca. et halvår i forkant av avtalen trer i kraft.

Første gang kommunen gikk ut i markedet i 2011 hastet det. Den gang ble det lagt opp til en avtaleperiode med 3 år og 1 år opsjon, og opsjonen ble senere benyttet. Neste anbudsrunde i 2015 kom valg av leverandør midt i overgangen mellom to kommunestyreperioder, dvs. «gammelt» kontrollutvalg og «nytt» kommunestyre.

Nåværende avtale er på 4 år og 2 år opsjon. Det skyldes at de innkjøpskyndige ga uttrykk for at revisjonsavtaler kunne strekke seg over flere år enn de normale 4 årene, fordi det er et fast oppdrag til fast pris. Signalene i dag er at dersom avtalen også inneholder opsjon på kjøp av forvaltningsrevisjon/eierskapskontroll, vil dette være et tjenestekjøp og avtaletiden bør da settes maksimalt til 4 år.

De fleste kommuner, som har konkurranseutsatt sine revisjonstjenester (rundt 60 kommuner i 2018 og nå ca. 47 i 2020 etter siste kommunereform med kommunesammenslåinger av totalt 356 kommuner), har avtale med samme revisjonsselskap om kjøp av regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Det har bakgrunn i en synergi/samvirke-effekt som revisorene kan benytte seg av når de legger fram forslag til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Sekretariatet støtter dette, og vil ikke foreslå å endre praksis gjennom å dele opp anbud.

Bergen kontrollutvalg har valgt å dele sine revisjonsoppdrag i to anbud, men disse oppdragene er svært store, da deres kjøp/budsjett årlig ligger på kr 6-8 mill. kroner til revisjon. Deres sekretariat (to jurister) mente også at det var mest hensiktsmessig å lyse ut konkurransen for begge revisjonsformene samtidig, men den valgte arbeidsgruppa anbefalte likevel at de fortsatte med opplegget med å dele oppdraget opp i to kontrakter. Anbudet for regnskapsrevisjonstjenester ble sendt ut i våren 2020 og for forvaltningsrevisjonstjenester nå i høst 2020. Den siste avtalen løper ut 31.12.20, så prosessen er i gang for Bergen kommune.

Sekretariatet, sammen med innkjøpsansvarlig i Haugesund i 2011 og innkjøpsansvarlig i Tysvær i 2015, forberedte sakene til de ti (nå ni) kommunene og kontrollutvalgene gjorde sin innstillinger til kommunestyrene, sist altså høsten 2015.

Suldal kommune valgte i 2015 å bli medeier i Rogaland Revisjon IKS, og kjøper dermed **ikke sine** revisjonstjenestene i markedet. Det interkommunale selskapet i sørfylket vant deres anbud i 2011 og kontrollutvalget innstilte over kommunestyret senere på at kommunen skulle søke om å bli tatt opp som eier i selskapet. I tillegg til sak om godkjenning i representantskapet, hadde alle eierkommunene også sak til kommunestyret om å godkjenne endring i selskapets vedtekter. Ved inntreden i selskapet var det krav om tilskudd til selskapets eierkapital, som den gang var på kr 50.000.

Anbudet til kommunene bør normalt ikke være felles, fordi loven krever at hvert kommunestyre gjør sitt eget valg av revisor. Av de ni kommunene på Haugalandet har pr i dag fire avtale med KPMG AS (Karmøy, Haugesund, Tysvær, Sauda) og fem kommuner med Deloitte AS (Vindafjord, Sveio, Etne, Bokn, Utsira).

Sekretariatet vil gjøre oppmerksom på at Time kontrollutvalg og Klepp kontrollutvalg i fjor likevel valgte å kjøre fellesanbud for revisjonstjenestene sine våren 2020. Det betyr at kommunestyrene måtte velge samme anbyder/leverandør basert på kontrollutvalgene sine innstillinger. Valgt anbyder var unntatt offentlighet til siste kommunestyre hadde behandlet saken.

For kommuneadministrasjonen og sekretariatet vil det alltid være en fordel med kontinuitet. Partene vil da være kjent med hverandre og det er etableres rutiner for samarbeidet. Samtidig kan det være bra med skifte av oppdragsansvarlige revisorer år om annet.

Imidlertid er det ikke sagt at det blir skifte av selskap ved hver anbudsrunde, da tjenesten ved konkurranseutsetting ofte bygger på valg av «*det økonomisk mest fordelaktige tilbud*» eller «*beste forhold mellom pris og kvalitet*». Så om kommunen er fornøyd med sin leverandør/revisor vil anbudet likevel medføre ny leverandør.

Sekretariatet skrev i opsjonssaken at ny anbudsrunde ville bli igangsatt ved at konkurransegrunnlaget ville bli lagt fram for kontrollutvalgene neste år, dvs. våren 2020 og at anbudsdokumentene lyst ut på forsommeren. Frist for innleverte tilbud ville da bli august og sak for kontrollutvalgene tidlig høst. Videre ville utvalgets innstilling så bli lagt fram for kommunestyret nov./des. 2020 og ny avtale med nåværende eller ny leverandør vil bli gjort gjeldende fra 01.07.21. Pga. vårens koronapandemi har denne tidsplanen blitt noe forsinket.

Ny framdriftsplan

Sekretariatet ser nå for seg at hovedstrategien til konkurransegrunnlaget vil bli lagt fram for kontrollutvalgene i august/september og at anbudsdokumentene blir lyst ut i høst. Sekretariatet vil tilpasse arbeidet basert på hvilken innstilling utvalgene gir til et mulig interkommunalt samarbeid. Frist for innleverte tilbud ville da bli oktober/november og sak for kontrollutvalgene og kommunestyret på nyåret 2021 og ny avtale med ny (eller tidligere) leverandør vil bli gjort gjeldende fra 01.07.21.

Den nye revisorloven var forventet skulle bli vedtatt av Stortinget før sommeren og satt i kraft i løpet av høsten 2020. Koronapandemien har medført at Stortingets videre behandling av ny revisorlov er blitt utsatt. Finanskomiteen startet sin behandling av lovproposisjonen tidligere i år. Utsettelsen innebærer antakelig at ny revisorlov tidligst kan settes i kraft fra 1. januar 2021.

Konkurransegrunnlaget

Konkurransegrunnlaget har tidligere vært delt i tre deler. Første del omfattet hvilke kvalifikasjonskrav kommunen stiller til de som skulle levere inn anbud. Det viktigste kravet som ble stilt var krav til autorisasjon som revisor, samt at firma som skulle levere inn anbud måtte ha de tekniske, økonomiske og faglige kvalifikasjonene som er nødvendig for å kunne revidere kommunen sine regnskap.

